



Møteprotokoll

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Rådhuset, kommunestyresalen 2. etg
Dato:	30.04.2026
Tid:	Kl. 09:00

Følgjande medlem møtte

Anett Munch Oen	AP
Judith Margrete Kvåle	AP
Siri Sandvik	AP
Dag Henning Reksnes	H
Marie Kristine Kroken	MDG
Astrid Grete Torheim	SP
Gunn Karin Sande	SP
Ole-Mathias Nes	SP
Anita Otneim Hoddevik	V

Forfall

Anfinn Sjøstad	FRP
Jostein Huneide	H
Ronald Per Dalsbø	KRF
Ståle Sandal	SP
Hans Christian Hansen	SV

Parti

Varamedlem

Dagfinn Olav Kvamme	FRP
Stian Alexander Hoddevik	FRP
Daniel Dyrstad Hildenes	H
Siv Emdal	SV

Møtenotat:

Jostein Huneide (H) hadde forfall - ingen vara.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/001	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/002	Godkjenning av møteprotokoll
26/003	Referatsaker
26/004	Orienteringssaker frå ordførar til finansutvalet 30.04.2026
26/005	Orienteringssaker frå kommunedirektøren til finansutvalet 30.04.2026
26/006	Årsrapport 2025 Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF
26/007	Rekneskap 2025 Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF
26/008	Stad kommune - årsrapport 2025
26/009	Stad kommune - rekneskap 2025
26/010	Orientering - Oppfølging av tilsyn på kommunalt vassverk - Oppfølging VAO-plan
26/011	Søknad om auke i driftstilskotet for 2026
26/012	Oppfølging av Tiltaksplan 2026 - 2029 - Finansielle måltal og handlingsreglar - Budsjett 2027 og handlingsprogram 2027 - 2030
26/013	Oppfølging av Tiltaksplan 2026 - 2029 - Strukturendring barnehage og skule
26/014	Program for berekraftig økonomi - Opplæring og integrering
26/015	Status investeringsprosjekt 4512 - Brannstasjon Selje
26/016	Oppfølging av førespurnad om kjøp av Skulevegen 30, Nordfjordeid
26/017	Utsetting av innbetaling og overtaking av gamle Selje helsesenter
26/018	Sal av bygg - tidlegare Bryggja omsorgssenter med tilhøyrande bustadar
26/019	Søknad om finansiering av innsatsgruppa - Stad skipstunnel

26/001: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

Merknad frå Marie Kristine Kroken (MDG):

Det blir i sak 26/019 vist til eit vedlegg. Vedlegget manglar i saka.

FSU- 26/001 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med følgjande merknad:

Vedlegg i sak 26/019 blir lagt til omgåande.

26/002: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/002 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

26/003: Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/003 Vedtak:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

26/004: Orienteringssaker frå ordførar til finansutvalet 30.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

Det vart orientert om følgjande saker:

1. Uttale om viktigheten av fakta og kunnskap i den offentlege debatten
2. Orientering om samarbeid Stad kommune og Kulturmegleren om lansering av kinofilmen Kjærleik av Jon Fosse

FSU- 26/004 Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

26/005: Orienteringssaker frå kommunedirektøren til finansutvalet 30.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Finansutvalet 30.04.2026:**Handsaming:**

Det vart orientert om følgjande saker:

1. Orientering om oppfølging av prosjektet 2.4 - Institusjonsplassar og HDO

FSU- 26/005 Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

26/006: Årsrapport 2025 Stad Energi- og Egedomsutvikling KF**Dagleg leiar si tilråding:**

Årsrapport 2025 for Stad Energi- og Egedomsutvikling KF vert godkjend

Stad Energi- og Egedomsutvikling KF 24.03.2026:**Handsaming:****SEEFK- 26/003 Vedtak:**

Årsrapport 2025 for Stad Energi- og Egedomsutvikling KF godkjend

Finansutvalet 30.04.2026:**Handsaming:****FSU- 26/006 Vedtak:**

Saka vert teken til vitande.

26/007: Rekneskap 2025 Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF

Dagleg leiar si tilråding:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk kr 349.733,42,- vert fastsett som Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF sin rekneskap for 2025.
2. Mindreforbruket vert avsett til selskapet sitt disposisjonsfond, i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF 24.03.2026:

Handsaming:

SEEFK- 26/004 Vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk kr 349.733,42,- vert fastsett som Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF sin rekneskap for 2025.
2. Mindreforbruket vert avsett til selskapet sitt disposisjonsfond, i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/007 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/008: Stad kommune - årsrapport 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad eldreråd 27.04.2026:

Handsaming:

Fellesframlegg frå Åge Starheim, Liv Stokkenes Jacobsen, Svein Barmen, Anne Karene Vederhus, Nils Helge Løklung og Einar Oddgeir Midtbø:

Stad eldreråd tilrår komunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad:

På tross av lovnader finn Stad eldreråd ikkje analyse i årsrapport 2025 av konsekvensane for kutta på over 65 millionar, som har blitt gjennomført i helse- og omsorgssektoren dei siste 3 åra.

Med dei store kutta som administrasjonen har stadfesta, må det ha skjedd dramatiske reduksjonar i kommunale tenester til dei som er på institusjonane og i heimetenesta.

Vi registrerer at det arbeidast meir smart og ein har teke i bruk meir teknologi, men etter eldrerådet si meining må dette også ha medført dramatiske reduksjonar i kontakta til brukarane. Resultatet er mykje einsemd hos eldre og sjuke.

Det er nettopp dette Stad eldreråd ønskjer å få belyst i ei konsekvensanalyse, på ein slik måte at det er enkelt og forståeleg for alle.

Stad eldreråd registrerer at det er helse- og omsorgssektoren som har teke dei store kostnadane med omstillinga.

Sjølv om ikkje rådet har fått svar på ønskje om konsekvensanalyse, registrerer vi likevel at årsrapporten beskriv ei kommande krise for eldre og sjuke i Stad kommune.

Eldrerådet vil her vise til følgjande setningar i rapporten:

«Seljetunet har over tid hatt mangel på sjukepleiekompetanse, noko som har vore ei utfordring.»

«Det er framleis utfordring med å dekke vakante vakter ved Hogatunet, særleg i helgane».

«Det er behov for fornying/nybygg av gardarbar for alle tilsette ved Hogatunet, vaskerom for vask av pasientttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonskjøkken (ved Hogatunet). Det er ikkje planlagt nokon utbetring eller andre prosessar knytt til vidare bruk av areal.»

Stad eldreråd er overraska over at ikkje politikarane har vore villeg til å sjå heilskapen i omstillinga, og rådet stiller seg undrande til om kommunestyret verkeleg er samde i den gjennomførte omstillinga.

Det er enkelt å prioritere det som ein synes er kjekkast, men etter eldrerådet si meining er dette ikkje politisk ansvarlegheit.

Stad eldreråd er positiv til at administrasjonen no ønskjer å gjennomføre den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg.

Stad eldreråd vil påpeike at verken i rapporten eller frå administrasjonen er det signal om korleis Stad kommune skal syte for forsvarlege tenester til framtidig aukande tal eldre og sjuke, og korleis dette skal finansierast.

Kommande demografi i Stad kommune vil krevje stor auke i løyvingane innan helse- og omsorgssektoren i kommunen, noko som står i sterk kontrast til at det også i 2026 skal kuttast ytterlegare 18 millionar innan helse- og omsorgssektoren.

Stad eldreråd forventar at kommunestyret snarast tek denne situasjonen på alvor, og vi vil minne politikarane om alle sterke lovnadar, i partia sine valprogram til kommunevalet i 2023 om eldreomsorg i Stad kommune som skulle «skinne».

Stad eldreråd forventar at administrasjonen og politisk leiing står ved sine lovnadar om å snarast gje innbyggjarane i Stad kommune ei oversikteleg og forståeleg konsekvensanalyse for dei store reduksjonane av kommunale tenester til eldre og sjuke i kommunen dei siste 3 åra.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp i mot fellesframlegg frå Åge Starheim, Liv Stokkenes Jacobsen, Svein Barmen, Anne Karene Vederhus, Nils Helge Løkling og Einar Oddgeir Midtbø. Fellesframlegget vart vedteke med 6 mot 1 røyst. Marie Kristine Kroken (MDG) røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

SER- 26/015 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår komunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad:

På tross av lovnader finn Stad eldreråd ikkje analyse i årsrapport 2025 av konsekvensane for kutta på over 65 millionar, som har blitt gjennomført i helse- og omsorgssektoren dei siste 3 åra.

Med dei store kutta som administrasjonen har stadfesta, må det ha skjedd dramatiske reduksjonar i kommunale tenester til dei som er på institusjonane og i heimetenesta.

Vi registrerer at det arbeidast meir smart og ein har teke i bruk meir teknologi, men etter eldrerådet si meining må dette også ha medført dramatiske reduksjonar i kontakta til brukarane. Resultatet er mykje einsemd hos eldre og sjuke.

Det er nettopp dette Stad eldreråd ønskjer å få belyst i ei konsekvensanalyse, på ein slik måte at det er enkelt og forståeleg for alle.

Stad eldreråd registrerer at det er helse- og omsorgssektoren som har teke dei store kostnadane med omstillinga.

Sjølv om ikkje rådet har fått svar på ønskje om konsekvensanalyse, registrerer vi likevel at årsrapporten beskriv ei kommande krise for eldre og sjuke i Stad kommune.

Eldrerådet vil her vise til følgjande setningar i rapporten:

«Seljetunet har over tid hatt mangel på sjukepleiekompetanse, noko som har vore ei utfordring.»

«Det er framleis utfordring med å dekke vakante vakter ved Hogatunet, særleg i helgane.»

«Det er behov for fornying/nybygg av garderobar for alle tilsette ved Hogatunet, vaskerom for vask av pasientttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonskjøkken (ved Hogatunet). Det er ikkje planlagt nokon utbetring eller andre prosessar knytt til vidare bruk av areal.»

Stad eldreråd er overraska over at ikkje politikarane har vore villeg til å sjå heilskapen i omstillinga, og rådet stiller seg undrande til om kommunestyret verkeleg er samde i den gjennomførte omstillinga.

Det er enkelt å prioritere det som ein synes er kjekkast, men etter eldrerådet si meining er dette ikkje politisk ansvarlegheit.

Stad eldreråd er positiv til at administrasjonen no ønskjer å gjennomføre den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg.

Stad eldreråd vil påpeike at verken i rapporten eller frå administrasjonen er det signal om korleis Stad kommune skal syte for forsvarlege tenester til framtidig aukande tal eldre og sjuke, og korleis dette skal finansierast.

Kommande demografi i Stad kommune vil krevje stor auke i løyvingane innan helse- og omsorgssektoren i kommunen, noko som står i sterk kontrast til at det også i 2026 skal kuttast ytterlegare 18 millionar innan helse- og omsorgssektoren.

Stad eldreråd forventar at kommunestyret snarast tek denne situasjonen på alvor, og vi vil minne politikarane om alle sterke lovnadar, i partia sine valprogram til kommunevalet i 2023 om eldreomsorg i Stad kommune som skulle «skinne».

Stad eldreråd forventar at administrasjonen og politisk leiing står ved sine lovnadar om å snarast gje innbyggjarane i Stad kommune ei oversikteleg og forståeleg konsekvensanalyse for dei store reduksjonane av kommunale tenester til eldre og sjuke i kommunen dei siste 3 åra.

Stad ungdomsråd 27.04.2026:

Handsaming:

SUR- 26/018 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026:

Handsaming:

SRN- 26/014 Vedtak:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår at kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/023 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Samfunnsutval 29.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF- 26/036 Vedtak:

Innstilling frå samfunnsutvalet:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Tenesteutval 29.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

TEUV- 26/015 Vedtak:

Innstilling frå tenesteutvalet:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/008 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/009: Stad kommune - rekneskap 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen, med eit netto driftsresultat på kr 16.082.330,15, vert fastsett som Stad kommune sin rekneskap for 2025.
2. Mindreforbruket, etter avsetningar til og bruk av bundne driftsfond, er på kr 9.635.262,33.
3. Mindreforbruket er sett av til kommunen sitt disposisjonsfond i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årberetning for kommunar og fylkeskommunar. Avsetninga er delt med kr 5.000.000,- til kommunen sitt rente- og avkastningsfond, og kr 4.635.262,33 til kommunen sitt generelle disposisjonsfond.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/009 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/010: Orientering - Oppfølging av tilsyn på kommunalt vassverk - Oppfølging VAO-plan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet tar orienteringa om Mattilsynet sin rapport 07.04.2026 til vitande.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren følgje opp vedtak i tilsynsrapporten slik at farekartlegging og beredskapsplan vassforsyning Stad kommune, er oppdatert innan 8. juni.
3. Tiltak som Mattilsynet peikar på som kritisk skal innarbeidast i tiltaksplanen(handlingsdel temaplan VAO).
4. Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ei prosess sak til møtet i juni som beskriv korleis Stad kommune kan arbeide meir langsiktig og med førebyggjande tiltak opp mot å redusere risiko knytt til vassforsyning. Kunnskap om forebyggjande arbeid skal leggjast til grunn i arbeid med økonomi og handlingsplan hausten 2026.

Planutval 28.04.2026:**Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/024 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

1. Formannskapet tar orienteringa om Mattilsynet sin rapport 07.04.2026 til vitande.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren følgje opp vedtak i tilsynsrapporten slik at farekartlegging og beredskapsplan vassforsyning Stad kommune, er oppdatert innan 8. juni.
3. Tiltak som Mattilsynet peikar på som kritisk skal innarbeidast i tiltaksplanen(handlingsdel temaplan VAO).
4. Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ei prosess sak til møtet i juni som beskriv korleis Stad kommune kan arbeide meir langsiktig og med førebyggjande tiltak opp mot å redusere risiko knytt til vassforsyning. Kunnskap om forebyggjande arbeid skal leggjast til grunn i arbeid med økonomi og handlingsplan hausten 2026.

Finansutvalet 30.04.2026:**Handsaming:****FSU- 26/010 Vedtak:**

Saka vert teken til vitande.

26/011: Søknad om auke i driftstilskotet for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Stad gjev ikkje auke i driftstilskotet til Stad kyrkjelege fellesråd for 2026.
2. Det vert gjort ei ny vurdering på kva driftstilskotet bør være dei komande åra i samband med arbeidet med økonomiplan 2027-2030.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/011 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/012: Oppfølging av Tiltaksplan 2026 - 2029 - Finansielle måltal og handlingsreglar - Budsjett 2027 og handlingsprogram 2027 - 2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre gjer følgjande vedtak knytt til finansielle måltal og handlingsreglar for ny økonomiplanperiode:

- a. Stad kommunestyre vil arbeide kontinuerleg for eit snarleg betring av forventa netto driftsresultat og fastheld handlingsregelen om at korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.
- b. Stad kommunestyre har som mål om å etablere ein handlingsregel for bruk av fond til viktige drifts- og investeringsføremål og til samskapingsprosjekt. Stad kommunestyre ber kommunedirektøren kome tilbake med ei sak som viser korleis ein slik handlingsregel kan innrettast.
- c. Stad kommunestyre ber om at det i møte 18. juni 2025 vert løfta opp ei eiga sak om investeringar og vurdering av handlingsregel for låneopptak utanom sjølvkostområdet.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

Merknad frå Gunn Sande (Sp): I punkt c i framlegg til vedtak står det feil årstall for kommunestyremøte 18. juni.

Administrasjonen får mynde til å rette dette opp i saka.

FSU- 26/012 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/013: Oppfølging av Tiltaksplan 2026 - 2029 - Strukturendring barnehage og skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Barnehage- og skulestruktur

Stad kommunestyre ber kommunedirektøren planlegge og starte utgreiingar i tråd med kulepunkta nedanfor. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren planlegg, organiserer og gjennomfører utgreiingane i tråd med gjeldande regelverk der alle aktuelle partar vert høyrde, inkludert barn og unge, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. Omsynet til barnets beste skal inngå i vurderingane i tråd med Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1.

- ***Nordfjordeid skulekrins***

Stad kommunestyre ber kommunedirektøren greie ut følgjande utviding av Nordfjordeid skulekrins: Haugen skule (1-7) og Stårheim skule (1-7) blir slått saman med Nordfjordeid skule. Skulestad Nordfjordeid.

- ***Flatraket skulekrins***

Stad kommunestyre ber kommunedirektøren greie ut følgjande:

- Flatraket skule vert vurdert slått saman med Flatraket barnehage til eit oppvekstsenter.
- 1.-4. klasse Flatraket skule og Flatraket barnehage blir vurdert slått saman til ei eining ved Flatraket skule. 5.-7. klasse vert flytta til Selje skule

Kommunestyret skal involverast i arbeidet, og skal ha framlagt ein snarleg plan for korleis dette kan skje.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/013 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/014: Program for berekraftig økonomi - Opplæring og integrering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune samlar opplæring for flyktningar i introduksjonsprogrammet og vaksne innvandrarar i Stad kommune på Nordfjordeid frå og med skuleåret 2026-2027.

Tenesteutval 29.04.2026:

Handsaming:

Fellesframlegg frå tenesteutvalet:

1. Saka vert sendt tilbake til administrasjonen der ein ber om følgande tilleggsutgreiing:
 - faktisk deltakargrunnlag i vaksenopplæringa fordelt på kategoriar (introduksjonsprogram og øvrige deltakarar)
 - utvikling i tal deltakarar dei siste 3 åra, samt forventa utvikling framover
 - gjennomsnittleg varigheit i introduksjonsprogrammet og gjennomstrøyming
 - vurdering av bemanningsnivå opp mot deltakargrunnlag og nasjonale nivå
2. Kommunedirektøren vert vidare beden om å vurdere alternative løysingar til full samling av vaksenopplæringa på Nordfjordeid, inkludert:
 - vidareføring av opplæring på fleire lokasjonar
 - redusert eller tilpassa tilbod i Selje
 - bruk av digitale og fleksible løysingar
3. Det skal gjennomførast ei kartlegging av kompetanse i eigen organisasjon, herunder:
 - om det finst tilgjengeleg kompetanse i ytre del av kommunen (til dømes i grunnskule eller andre einingar)
 - moglegheiter for å nytte slik kompetanse i ein overgangsperiode eller som ei meir permanent løysing.
4. Det må synleggjerast innsparingar i integreringstenesta no og på sikt, ved å halde fram med å ta imot 25 nye flyktningar kvart år dei nærmaste åra.
5. Innsparingar knytt til endra rutiner for innkjøp må også kome tydelegare fram

Fellesframlegg frå tenesteutvalet vart sett opp i mot kommunedirektøren sitt framlegg.

Fellesframlegg frå tenesteutvalet vart samrøystes vedteke, og kommunedirektøren sitt framlegg fall.

TEUV- 26/017 Vedtak:

Innstilling frå tenesteutvalet:

1. Saka vert sendt tilbake til administrasjonen der ein ber om følgande tilleggsutgreiing:
 - faktisk deltakargrunnlag i vaksenopplæringa fordelt på kategoriar (introduksjonsprogram og øvrige deltakarar)
 - utvikling i tal deltakarar dei siste 3 åra, samt forventa utvikling framover
 - gjennomsnittleg varigheit i introduksjonsprogrammet og gjennomstrøyming
 - vurdering av bemanningsnivå opp mot deltakargrunnlag og nasjonale

nivå

2. Kommunedirektøren vert vidare beden om å vurdere alternative løysingar til full samling av vaksenopplæringa på Nordfjordeid, inkludert:
 - vidareføring av opplæring på fleire lokasjonar
 - redusert eller tilpassa tilbod i Selje
 - bruk av digitale og fleksible løysingar
3. Det skal gjennomførast ei kartlegging av kompetanse i eigen organisasjon, herunder:
 - om det finst tilgjengeleg kompetanse i ytre del av kommunen (til dømes i grunnskule eller andre einingar)
 - moglegheiter for å nytte slik kompetanse i ein overgangsperiode eller som ei meir permanent løysing.
4. Det må synleggjerast innsparingar i integreringstenesta no og på sikt, ved å halde fram med å ta imot 25 nye flyktningar kvart år dei nærmaste åra.
5. Innsparingar knytt til endra rutiner for innkjøp må også kome tydelegare fram

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/014 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/015: Status investeringsprosjekt 4512 - Brannstasjon Selje

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune tek orientering om framdrift i prosjekt 4512 - Brannstasjon Selje - til vitande.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/015 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/016: Oppfølging av førespurnad om kjøp av Skulevegen 30, Nordfjordeid

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå vidare med framlagt skisse om sal av bustadeigedomen Skulevegen 30 der areal sør for folkehøgskulen inngår som makebyte.
2. Det skal innhenta takst som grunnlag for verdsetting av bustadeigedom og areal for makebyte.
3. Framforhandla avtale knytt til Skulevegen 30 med makebyte skal leggjast fram for politisk godkjenning.
4. Kommunestyret ser det som viktig å få eigarskap til tomte på skuleområdet og ber kommunedirektøren utgreie eventuelt utkjøp av festeareal som er knytt til skule og sjukeheimsområdet (vegar, bygg og uteområde til bygga). Utgreiing skjer i eiga sak.

Tenesteutval 29.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

TEUV- 26/020 Vedtak:

Innstilling frå tenesteutvalet:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå vidare med framlagt skisse om sal av bustadeigedomen Skulevegen 30 der areal sør for folkehøgskulen inngår som makebyte.
2. Det skal innhenta takst som grunnlag for verdsetting av bustadeigedom og areal for makebyte.
3. Framforhandla avtale knytt til Skulevegen 30 med makebyte skal leggjast fram for politisk godkjenning.
4. Kommunestyret ser det som viktig å få eigarskap til tomte på skuleområdet og ber kommunedirektøren utgreie eventuelt utkjøp av festeareal som er knytt til skule og sjukeheimsområdet (vegar, bygg og uteområde til bygga). Utgreiing skjer i eiga sak.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/016 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/017: Utsetting av innbetaling og overtaking av gamle Selje helsesenter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune imøtekjem søknad om forlenging av frist for overtaking av eigedom 256/1 festenr. 92

og endeleg oppgjer for eiegen. Ny frist vert sett til 31.12.2026. Stad kommune sin rett til å kjøpe tilbake eiegen er den same som utsett frist.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/017 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/018: Sal av bygg - tidlegare Bryggja omsorgssenter med tilhøyrande bustadar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vedlagt salsavtale vert godkjent slik den ligg føre og Stad kommune overdreg Bryggja omsorgssenter og bustader, GBNR 172/17 , til Bryggja Livsgledesenter AS org.nr. 935 329 086 for kr 5.500.000,-
2. Avtalen inneber at Stad kommune v/IKT Nordfjord får disponere eksisterande kommunalt datarom/rom med infrastruktur i omsorgsbygget vederlagsfritt inntil ein eventuelt flyttar drifta ut av bygget.
3. Kunst/bilete på veggane som er gitt til omsorgssenteret vert gitt til bygdelaget for bruk i grendahuset på Bryggja. Eventuelle klausular til enkelt gåver vert følgt opp i eigne saker.
4. Kommunedirektøren får i oppgåve å gjennomføre salet.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/018 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

26/019: Søknad om finansiering av innsatsgruppa - Stad skipstunnel

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre imøtekjem ikkje søknad om tilskot frå innsatsgruppa knytt til Stad skipstunnel.

Finansutvalet 30.04.2026:

Handsaming:

FSU- 26/019 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.